



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato
18.07.2014
Dykkar dato
«REFDATA»

Vår referanse
2013/16329 471
Dykkar referanse
«REF»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Etterlyser oversikt over hamner og avfallsplan

Vi viser til vårt brev av 5. juni 2014 til kommunane i Hordaland.

Kommunen sine plikter

I brevet viste vi til kommunane sine plikter etter forureiningsforskrifta kapittel 20 om Levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Der går det fram at kommunen skal utarbeide og sende følgjande til Fylkesmannen:

- oversikt over alle hamner i kommunen innan 1. januar 2014
- avfallsplan for småbåthamner og hamner der kommunen er hamneansvarleg innan 1. juli 2014

Må sende oversikt over hamner så snart som mogleg

Kommunen har ikkje sendt inn oversikt over alle hammene i kommunen. Dette er pålagt i § 20-6 i forureiningsforskrifta, og er eit viktig grunnlag for Fylkesmannens oppfølging av hamner som skal lage eigen plan.

Vi ber om at **kommunen så snart som mogleg og seinast innan 1. september 2014 sender oversikt over alle hamner i kommunen**. Oversikten må innehalde informasjon om kva for hamner som vert inkludert i avfallsplanen som kommunen skal lage, og kva for hamner som skal lage eigen avfallsplan. Vi ber om at oversikten vert sendt på skjema laga av Miljødirektoratet i excel-format (ikkje pdf), sjå vedlegg 1.

Etterlyser avfallsplan for hamner

Kommunen har ikkje sendt inn avfallsplan for hamner der kommunen er hamneansvarleg eller felles avfallsplan for småbåthamnene i kommunen. Dette er pålagt i § 20-6 i forureiningsforskrifta. Forskrifta vart endra i 2013, og dette førte til at alle hamner skal sende inn avfallsplanar på nytt innan 1. juli 2014, og at planane skal godkjennast av fylkesmannen kvart tredje år. Vidare skal kommunane lage felles avfallsplan for hamner som i hovudsak tar imot avfall frå fritidsbåtar (småbåthamner). Regelverket er ei implementering av skipsavfallsdirektivet i EU, der målet er å redusere forsøpling av sjø og kyst ved at det finst gode mottak for avfall i hammene. Miljødirektoratet har laga gode malar og rettleiarar for arbeidet, sjå vedlegg 2 til 5.

Fylkesmannen vil presisere kravet til innsending av avfallsplan, og ber om at dei vert sendt til Fylkesmannen så snart som mogleg.

Kan søke om utsett frist

Dersom kommunen treng lengre frist for innsending av avfallsplan, kan Fylkesmannen etter søknad gje unntak frå krava i forskrifta. Vilkåret for å gje unntak er at det ligg føre særlege grunnar, og at det er forsvarleg for miljø- og tryggleik. Ein eventuell søknad må derfor gjere greie for dette, og innehalde ein framdriftsplan for arbeidet.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Astrid Holte
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
SIM
Bergen og omland havnevesen

Vedlegg 1 - Miljødirektoratet sin mal for oversikt over hamner i kommunen
Vedlegg 2 - Miljødirektoratet sin rettleiar for avfallsplan i hamner
Vedlegg 3 - Miljødirektoratet sin mal for avfallsplan for småbåthamner
Vedlegg 4 - Miljødirektoratet sin sjekkliste for avfallsplan i hamner
Vedlegg 5 - Miljødirektoratet sitt meldingsskjema